



REFERAT – KOMMUNEREFORM

Telefonmøte Smia/Volda

21.12.2018 kl. 09:00

Til stades:

Rune Sjugard, Rådmann/prosjektleder
Ann Kristin Langeland, Rådmann
Asbjørn Moltudal, ass. rådmann
Hovudtillitsvalt Delta, Norunn Helene Holmøy-Wang
Joakim Rødven (referent)

Agenda:

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
1. Saker til Fellesnemnda 10. januar	
<ul style="list-style-type: none">• Uttale til kva helseføretak nye Volda skal høyre til	Kommuneoverlege Inger Lise Kaldhol
<ul style="list-style-type: none">• Uttale til bispedømme<ul style="list-style-type: none">- Asbjørn skal følge opp dette og melde opp sak til Fellesnemnda.- Hornindal og Volda kommunar legg også fram saksutgreiing til sine respektive formannskap, der ein føre høve å gi uttale om ønskjeleg.	AM AKL/AM
<ul style="list-style-type: none">• Heraldikk – ordførarkjede	JR
Orienteringar	
<ul style="list-style-type: none">• Prosessen i helse- omsorg i ny kommune kan medføre endringar der ein ev må gjere ei ny vurdering av organisering av kommuneoverlegefunksjonen. Felles kommuneoverlege med Ørsta blir sagt opp, der ein så tidleg som råd må avklare vidare organisering og ev om avtalen skal reforhandlast eller ikkje	RS/SBR
<ul style="list-style-type: none">• Grafisk profil (val av vidare konsept)	JR
<ul style="list-style-type: none">• Diskusjon om eventuell ny prosess på slagord	JR

Aktivitet 2. Grensejusteringsprosess (Bjørke)	Ansvarleg oppfølging
<p>Prosjektleder Rune Sjurgard opplyste om at i oversendingsbrev til konsulentbistand er Ørsta kommune oppført som oppdragsgivar. Sjurgard påpeikte at det er Ørsta og nye Volda kommunar som er oppdragsgivar på denne bestillinga. Ørsta kommune har respondert at det skrives gjekk raskt ut utan at dei oppdaga dette, og at dei vil rette det opp overfor tilbydarane.</p>	RS

Aktivitet 3. Nemnda som jobbar med overføring av tenester og eigedomar (Bjørke)	Ansvarleg oppfølging
<p>Prosjektleder Rune Sjurgard orienterte kort om prosessen som held på i denne saka. Nina Kvalen er med i prosessen, og eigne referat frå arbeidet vert skrivne av arbeidsgruppa.</p>	

Aktivitet 4. Prosess med Sande inn i interkommunalt barnevern	Ansvarleg oppfølging
<p>Det er starta ein dialog med Sande kommune som har søkt om å få bli med i det interkommunale barnevernet som Volda er vertskommune for. Det er positive tilbakemelding på å få til dette innan 01.01.2020 innanfor dei økonomiske rammene som partane disponerer.</p>	RS/Barnevernsjef Aina Ø. Opsvik

Aktivitet 5. Tannhelseteneste	Ansvarleg oppfølging
<p>Overtannlegen på Søre Sunnmøre har teke kontakt med Hornindal og vil ha ei synfaring 8. januar. Styringsgruppa tykte det var naturleg at Asbjørn Moltudal følgjer opp denne saka, som har vore med på møte med fylket tidlegare.</p> <p>Den 8. januar vil overtannlegen først ha ein samtale på helsehuset på Grodås, så ei synfaring i både dei gamle og dei nye lokala.</p> <p>Stig Olav Lødemel blir med som leiar for Fellesnemnda.</p>	AM/SOL

Aktivitet 6. Eigedomsskatt i Hornindal	Ansvarleg oppfølging
<p>Ann Kristin Langeland med førespurnad korleis ein skal gå vidare med arbeid av indeksere av eigedomsskatt i Hornindal. Prosjektlear med forslag om å vente til at Jarl Martin Møller (ny kommunalsjef for Samfunnsutvikling) startar 2. januar, som koordinerer dette saman med Jørgen Vestgarden (utvikling).</p> <p>Ann Kristin avtalar møte med Jarl Martin etter nyttår.</p>	AKL/JMM

Aktivitet 7. Grensejustering i Kjøs (2019)	Ansvarleg oppfølging
<p>Ann Kristin Langeland opplyste om at allereie frå 01.01.2019 trer grensejusteringa i Kjøs i kraft, og Stryn er klare til å ta over ansvaret for innbyggjarane.</p> <p>Inntrykket er at dette skal gå veldig greitt og det er lite problematisk knytt til denne grensejusteringa, slik ein ser det.</p>	

Aktivitet 8. Fiber Grodås - Volda	Ansvarleg oppfølging
<p>Prosess med å få lagt fiber mellom dei to rådhusa ser ut til å gå på skinner. Teknisk sektor i Volda v/vEdvin Løfoll følgjer opp saka. Meininga er at Statens Vegesen sitn infrastruktur vert nytta, slik at ein slepp å grave ned sine egne kablar utover dei strekka der det ikkje ligg slik røyrinfrastruktur. Asbjørn Moltudal og Edvin Løfoll har framforhandlar avtale med Statens Vegvesen om dette. Prosjektet vert lyst for gjennomføring.</p> <p>Det er dialog med Vanylven kommune for å kunne kople seg på deira linjer inn mot Hornindal via Nordfjord for å oppnå redundans.</p>	AM/EL/POT

Aktivitet 9. Interkommunalt plansamarbeid turisme/reiseliv	Ansvarleg oppfølging
<p>Volda kommune skal rett etter nyttår i møte med Ørsta kommune om interkommunalt plansamarbeid turisme/reiseliv. Utviklingsavdelinga i Volda kommune vurderer moglegheitene for å ta ansvar for koordinering av planprosessen, men treng ei viss oversikt over kva dette dreiar seg om. Ein må også avklare nærare Smia utvikling si rolle i prosessen og bruk av deira kapasitet. Dette er ressursar som nye Volda rår over.</p>	

Møtet slutt kl. 09:45

Volda, 21.12.2018



Joakim Rødven
Kommunikasjonsrådgjevar
Samfunn og Rådgjeving

Mobil 48229993
www.nyevolda.no